

APPELL ETTER FEMAVSNITTSMETODEN		
Hovudargument:		Forklaring
Struktur	Innleiing	I denne delen er det fint om du introduserer deg sjølv og også seier noko om <i>kvifor</i> det er viktig å lytte til deg. Kvifor skal tilhøyrarane tru på det du seier? Tenk på at du skal byggje truverde (<i>etos</i>).
	Argument 1 <i>For det første</i>	Ha gjerne ei tydeleg temasetning som introduserer det første argumentet. Deretter kan du følgje opp med eit eksempel frå ditt eige liv eller ei god kjelde som støttar opp under det du argumenterer for.
	Argument 2 <i>For det andre</i>	Ha gjerne ei tydeleg temasetning som introduserer det andre argumentet. Deretter kan du følgje opp med eit eksempel frå ditt eige liv eller ei god kjelde som støttar opp under det du argumenterer for.
	Argument 3 <i>Til sist / For det tredje / Somme vil kanskje hevde at</i>	I det siste argumentet kan du anten kome med eit siste argument som støttar opp under saka di, eller du kan ta stilling til eventuelle motargument og bruke dei til din fordel. Dette gjer du ved å presentere argumentet før du tydeleg forklarar kvifor det ikkje er gyldig. Vis gjerne til kjelder.
	Konklusjon	Konklusjonen skal vere kort og presis. Her er det ikkje nødvendig å summere opp poenga dine, prøv heller å skrive to–tre setningar som presiserer kor viktig det er, det du har snakka om, og kvifor noko må gjerast med problemet no.
Eigenvurdering	Kva fekk du til i denne oppgåva? Kva var utfordrande? Kva bør du fokusere meir på i seinare liknande arbeid?	

FORSLAG TIL HOVUDARGUMENT:

- Fordommar er skadelege for samfunnet.
- Rasisme er ein del av skolekvardagen til mange elevar.
- Diskriminering er eit samfunnsproblem.
- Hatefulle ytringar på nettet er skadelege.
- Demokratisk deltaking er for alle.
- Grensesetjing må lærast på skolen og heime.
- Tilgang til trygg abort er ein menneskerett.
- Ytringsfridom er kjernen i eit demokratisk samfunn.
- Demokratiet har ansvar for å ta vare på dei seksuelle rettane til befolkninga.